



UNIVERSITETET I BERGEN
Molekylærbiologisk institutt

SAKLISTE PROGRAMSTYREMØTE
21.JANUAR 2010, KL. 1000 ROM 542A2

Tilstades: Kari E. Fladmark (leiar, Gr. A) Rune Male (Gr. A), Line Agledal (Gr. B), Thomas Kalvik (Gr. D), Silje Bjørneklett (Gr. D), Marielle Hauge (sekretær).

SAK I: INNKALLING OG GODKJENNING AV SAKSLISTE
FORSLAG TIL VEDTAK: Innkalling og saksliste vart godkjent.

SAK II: GODKJENNING AV REFERAT 25.november 2009
Vedlegg 1

FORSLAG TIL VEDTAK: Referatet vart godkjent.

SAK III: ORIENTERINGSSAKER

▪ **Masteropptak vår 2010**

Fem søkarar fekk opptak våren 2010, ein søkar fekk opptak med atterhald. Alle takka ja. To mastersøkarar fekk tilbod om førebuande studierett. Fem studentar møtte til masterseminaret i veke 1.

▪ **Intern overgang – bachelor**

Hausten 2009 fekk fire bachelorstudentar i molekylærbiologi innvilga overgang til andre studium (biologi, matte, adjunkt). Ein bachelorstudent i biologi fekk innvilga overgang til molekylærbiologi.

▪ **Kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbytte – informasjonsmøte**

Kunnskapsdepartementet (KD) fastsette våren 2009 det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning. Rammeverket inneberer definerte skildringar av læringsutbytte for kandidatar med fullført kvalifikasjon innan bachelor, master og Ph.D. På grunnlag av dette har fakultetet gitt institutta frist til 1. oktober 2010 med å revidere/tilpasse emneskildringane til gjeldande rammer. Seksjon for studiekvalitet ved UA har ansvaret for at det blir gitt informasjon til fagmiljøa om sjølve rammeverket og revisjonsarbeidet som er knytt til det. Ved MBI var det informasjonsmøte 12.januar 2010 for dei vitenskaplege.

Vedlegg 2: Kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbytte - informasjonsmøter på MN

▪ **Programsensor ved MBI**

Programsensor Jon Nissen-Meyer var på besøk 29.oktober for å besøke instituttet og få sjå MOL300. Han fekk prata med studentane på kurset, samt studentar som har fullført og er noverande studentar på MOL202, MOL231 og MOL300. Fristen for innsending av neste rapport er 1.februar 2010. Programstyreleiar har gitt skriftleg tilbakemelding på programsensor sin rapport mottatt sommaren 2008.

Vedlegg 3: Brev til programsensor

▪ **Årsrapport for 2009-2010 frå programsensor**

Programstyreleiar har mottatt årsrapporten for 2009/2010 frå programsensor. Fokuset for rapporten er dei obligatoriske laboratorieemna MOL202 og MOL300, samt dei valfrie laboratorieemna MOL231/311 og MOL219. Rapporten må vidare bli diskutert i gruppe A. Det bør også bli arrangert eit møte med dei involverte i MOL300 der ein kan samanlikne emneevalueringa i MOL300 med programsensor sin rapport.

Vedlegg 4 og 5 : Årsrapport for 2009-2010 frå programsensor Jon Nissen-Meyer, Emneevaluering i MOL300 haust 2009.

FORSLAG TIL VEDTAK: Sakene blei tatt til orientering.

SAK 01/10 Søknad om spesialpensum

Det har kome inn ein ny søknad om spesialpensum for ein av masterstudentane ved MBI. Programstyret må vurdere om pensumet tilsvarar 10 sp.

FORSLAG TIL VEDTAK: Godkjenne søknad om spesialpensum

Vedlegg 6, 7: Søknad om spesialpensum. Denne er kun sendt til dei vitenskaplege i Programstyret. Utkast for retningslinjer til spesialpensum ved MBI

SAK 02/10 Høring - forslag til generelle karakterskildringar

Ei arbeidsgruppe nedsett av det nasjonale utdanningsutvalet har sett på formulering av generelle karakterskildringar i lys av kvalifikasjonsrammeverket. Ny frist er satt til rundt 10.februar.

FORSLAG TIL VEDTAK: Utarbeide ei tilbakemelding om forslaget til generelle karakterskildringar

Vedlegg 8, 9, 10: Høring – forslag til generelle karakterskildringar; Tilleggsrapport frå arbeidsgruppe; Retningslinjer for bruk av karakterskalaen A-F ved MBI

SAK 03/10 Nye utvekslingsavtalar

To europeiske universitet er interessert i å opprette ny Erasmus-avtale med blant anna MBI.

- Graz University of Technology (www.tugraz.at), Austerrike
Universitetet tilbyr bachelorprogram i molekylærbiologi. Undervisningsspråket på bachelornivå er generelt sett tysk, men ein del kurs blir tilbydt på engelsk.
- Universitetet i Strasbourg, Frankrike
Undervisningsspråket er hovudsakleg fransk, med nokon få kurs på engelsk. Er interessert i utveksling både på bachelor og masternivå.

FORSLAG TIL VEDTAK: Vurdere interessa for å opprette nye avtalar.

Evt.

Vedlegg

Referat 25.11.09

Kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbytte

Brev til programsensor

Årsrapport for 2009-2010

Emneevaluering i MOL300

Søknad om spesialpensum

Utkast for retningslinjer til

spesialpensum ved MBI

Høring – forslag til generelle

karakterskildringar

Tilleggsrapport frå arbeidsgruppe

Retningslinjer for bruk av
karakterskalaen A-F ved MBI

MRH 190110